

Familien på Skorpo

21.11.2013



Uskedalen si øy er Skorpo og ho er ofra mange sider i den siste årboka Kvinnhersminne. Ragna Langballe Hjelmeland har to artiklar - om barndomsminner og krigsminnar - og mykje i den livfulle skildringa hennar handlar naturleg nok om familien.
Det er også attgjeve eit bilet av borna og det finn ein over denne artikkelen.

Den første av Langballene på øya var Michael H. Langballe (1797-1873).

Ragna er dotter av Oscar (1882-1956), sønn av Michael T. (1842-1914) som var adoptert av sin morbror Michael H. Oscar overtok garden i 1908 og var då eigar av heile øya, men selde bruken Persneset, Vågen og Steinaneset i 1921.

På biletet sit borna til Oscar og Ragna..
 Heilt til venstre Karen Martine gift Haugse (1917-2011).
 Til høgre for henne sit Bernt Olav Klokk Langballe (1915-1987) deretter Ragna gift Hjelmeland (1924) og Else Marie gift Havnelid (1919-1985). Så kjem Gunnvor Olaug gift Næs (1927), Margrethe Utne gift Løken (1913-1994) og Rigmor gift Eidsvik (1921-1946)

Dei var altså 7 søskene som vokste opp på Øya, 6 jenter og ein gut.
 Dei var lite saman med andre bon før dei tok til på skulen og riksmaal vart det daglege talemålet. Også moren og faren nyttet riksmaal.

Då dei skulle handle. leverte Oscar ein lapp og så kom Mandius Myklebust over sundet med varene.
Dei hadde skule med opptil 12 elevar i borgstuen.Olav Ljosnes var lærar. Han budde på Ljosnes, men var aldri værfast.
Familien fekk radio i 1937, men straum først i 1958.

Av Ola Matti Mathisen